



Påverkar sauebeiting rypebestanden?

Forfatter

Håvard Øyrehagen, NSG

Sammendrag

I mange år har det vore ei oppfatning hjå ein del rypejegerar at der det beitar sauer vil det vere lite rype. No ser det ut til at sauebønder og rypejegerar over heile landet kan gle seg over eit foreløpig forskningsresultat som viser det motsette.

Publisert

2008

Referanse

Sau og Geit nr. 5/2008

Utskriftsdato

31.07.2021 www.fag.nsg.no

Mykje sau – mykje rype?

I mange år har det vore ei oppfatning hjå ein del rypejegerar at der det beitar sauer vil det vere lite ryper. No ser det ut til at sauebønder og rypejegerar over heile landet kan gle seg over eit foreløpig forskningsresultat som viser det motsette.

Det er nå offentliggjort foreløpige resultat frå eit beiteprosjekt som har pågått i nokre år i Hol i Hallingdal. Atle Mysterud og Gunnar Austrheim (UiO/NTNU) har stått i spissen for forskingsprosjektet. Dette starta i 2000 og gjekk ut på å kartlegge økologiske effektar av sauebeiting i høg fjellet. Hovudmålet var å sjå på samanhengar mellom beiting, beitedyrrettlegg og dei økologiske effektane dette skapar. Mysterud og Austrheim ville teste om ein kan få ulike effektar av beiting med lite kontra mykje sau, og måtte difor køyre gjentak med ulike tettleikar av beitedyr. Gjennom eit storskala-eksperiment har dei på eit 2,7 km²

stort inngjerda område gjort tilfeldige utval med «mykje sau» per beiteining (80 sauer per km² beitbart areal), «lite sau» (25 sauer per km² beitbart areal) og «ingen sau». Desse har vorte delt opp i mindre einingar og plassert tilfeldig i terrenget.

Forskjellige reaksjonar

Ulike organismegrupper reagerte veldig ulikt på dei ulike beitetettleikane, og nokre reagerte ikkje i det heile teke. Blant insekta reagerte biller sterkt, og planteetande biller reagerte sterkt sjølv ved låge tettleikar med sau. Insektgruppa tovenger (fluger og mygg) reagerte ikkje på beiting i det heile teke, medan edderkoppar reagerte på same måten som biller. For smågnagarar var det markmusa som hadde det største utslaget på sauebeitinga. Ved høge tettleikar av sau var det lågare vekstrate på markmusbestanden. For klatremusa gav det ikkje noko markert effekt av at det var mykje sauer. Her syner det tydeleg at dei som lever av det same som sauen får ein mykje sterkare respons på høgare tettleik av sauer.

Sauebeiting aukar rypebestanden

Litt interessant var det utslaget som høg beitetettleik av sau hadde på rype. Det fjerde året beitestudiet føregjekk, var det meir ryper der det var «mykje sau», enn der det var «lite sau» eller «ingen sau». Sannsynlegvis seier dette noko om kvaliteten på beitet for rypa sin del, utan at ein kan seie det heilt sikkert. Imidlertid syner responsen til andre artar, til dømes heipiperlerke, dei same trekka med fleire hekkande fugl der det er intensiv beiting.

Mekanismane bak desse utslaga er ikkje godt nok kjende, men ifølgje Mysterud og Austrheim antyder skotske undersøkingar at det er tilgongen på insekt som gjer dette. Insekt er som kjent viktig næring for rypekjuklingane dei første to vekene i livet, saman med lettfordøyelege plantedelar. Først ved tre vekers alder er kjuklingane over på ei nesten rein plantediitt. Av planter vel kjuklingane vev med lite fiber, slik som blommar og dei nyaste skota og blada. Ein viss beitedyrrettlegg skapar altså gode oppvekstvilkår for rypekjuklingane, og tettleiken av ryper aukar difor i desse områda med mykje beitande sau.

For hard beiting kan virke negativt

Men studia frå Skottland peikar òg på ein annan faktor; pøsar ein på med endå meir sau vil tettleiken av fugl gå ned. Dermed vil ein positiv effekt bli snudd til ein negativ effekt. Dette vert støtta av studiar på reinbeite i Finnmark, der veldig høg tettleik av reinbeiting går utover rypebestanden.

Mysterud og Austrheim understrekar at dei ikkje kan seie noko sikkert endå, anna enn at det er overvegande sannsynleg at beiting med mykje sau er positivt for rypa. I og med at prosjektet har fått midlar heilt fram til 2011, håpar me at dei ser endå tydelegare effektar etterkvart.

Det Mysterud og Austrheim her har kategorisert som «mykje sau» er i utgangspunktet moderat beitetrykk, som nok er det vanlegaste rundt om i landet. Men det finst nok ein del



Sauebeiting kan gje betre vilkår for rypehekking.

plassar der beitetrykket er høgare. Forskarane vil uansett seie at det ikkje handlar om sau eller ikkje sau, men om mengda sau som beitlar på eit avgrensa område.

Spanande forskingsprosjekt

Uansett er dette eit spanande forskingsprosjekt på eit felt som ikkje har vorte so godt kartlagt i Noreg tidlegare. Prosjektet har eit omfang i særklasse der mange fagfelt deltek og representantar frå både næringa og universiteta er aktivt med. Ved å sjå på både kort-siktige og langsiktige effektar av sauebeiting vil ein få eit meir realistisk inntrykk av kva dette faktisk har å seie for rypebestanden.

Forhåpentlegvis vil rypejegerar setje stor pris på beitande sau i framtida. Om ein vil oppdatere seg på dette feltet utan NSG si hjelp, kan ein gå inn på <http://folk.uio.no/atlemy/>




Tekst og foto: Håvard Øyrehagen

Vårtemperaturar er viktige for rypekjuklingane, men det er tydeligvis gode sauebeiter også.



Saueinnredning med 2 typer bingefronter. Oppdelte og langsgående eteåpninger. Lammebingeskiller. Skillet er ferdig til bruk og monteres på sekunder.



STREKKMETALL

løst eller på selvbærende rammer! Ny type, 3,5 mm platetykkelse.

NORSK KVALITET - ALLE STØRRELSER!

Kjøp innredning fra sauebonde og få et produkt som fungerer i praktisk arbeid.




- En prisgunstig norsk tak- og veggplate til bruk i husdyrrom.


Veggplate i helstøpt plast. Ingen GNAGING



Fleksible porter, gir enklere sortering. Drikkeutstyr, dører, vinduer, ventilasjon



Terracotta



Grønn



Hvit

Varene leveres med pris inklusive frakt hele landet
Ring oss for nærmere info.

Ferdigbehandlede plater, for utsatte miljøer. Forhandler over hele landet.



Telefon: 320 85 514 • Mob. 412 38 340
Fax: 320 83 003